

Kva hadde vinteren vore utan gode skiløyper?

Foto: Lene Høvi, VNK



Skiløypene er viktige for både fritidsinnbyggjarane og fastbuande. Vestre Slidre kommune vil frå i år ta ansvar for utsending av denne oppmodinga til å betale løypebidrag, slik at løypelaga kan ha fullt fokus på hovudmålet – å lage gode skiløyper. Gode løyper og nok løyper kjem

ikkje av seg sjølv. For å drifta og vidareutvikle løpenettet vårt, er vi heilt avhengig av eit samarbeid. Fjellet og skogen er viktig som ein stad vi kan vera trygge, trekka frisk luft og bruka kroppen. Å koma seg ut på ein skitur i gnistrande vintervær og koma attende til ein varm kakao eller kaffikopp, er eit påfyll og avbrekk i kvardagen vi alle treng. Så har det ikkje minst ein positiv helseeffekt – løypene får folk ut på tur.

Vestre Slidre er ei attraktiv hyttekommune og ein god stad å bu. Utviklinga av løpenettet er eitt av fleire viktige satsingsområder for kommunen. Kommunen bidreg med eit årleg beløp på kr 280.000 til løypelaga, i tillegg til å gje bistand med arbeidsoppgåver og større tilskot til bygningsmasse og løpe-maskiner.

Kommunen jobbar aktivt på fleire områder for tida. Det satsast offensivt på infrastruktur som gjer at fleire kan bruka hytta meir og fastbuande kan utføre stadig meir heimanfrå. I fjellet er det investeringsplaner i nye vatn- og avløpsløysingar som tek vare på miljøet i dei dyrebare fjellområda våre. I bygda er vi no inne i ein breibandsatsing. Det blir også jobba mykje med samferdsel, ny sjukeheim og ny kommuneplan for klima og miljø. Dette er tiltak som bidreg til å utvikle oss som kommune.

Mange har hatt stor glede av dei fine løypene som løypelaga jobbar hardt for å sikre heile vinteren gjennom. Eg håper du vil vere med å støtte dette arbeidet!

Ønskjer dykk alle ei god vinterferie og ein framleis god vinter!

Med helsing,
Haldor Ødegård, ordførar

Vestre Slidre, februar 2021

Helsing frå løypelaga

2020 vart eit spesielt år. Fjellet har vore viktig som ein stad vi kan vera trygge, trekka frisk luft og bruka kroppen utan å føla på frykta knytt til pandemien. Mange har hatt stor glede av dei fine løypene som løypelaga jobbar hardt for å sikre heile vinteren gjennom. Dessverre snør det ikkje skiløyper og løypelaga er difor avhengig av god likviditet for å oppretthalde kvaliteten på løypene. Vi håper du vil vere med i

dette viktige arbeidet. Eit bidrag på 1.300 kroner kan sikre gode løyper gjennom heile vinteren og bidra til vidare utvikling av løpenettet i kommunen.

Ønsker du å bli delhavar, gå inn på nettsidene til løpelaget ditt for informasjon og betaling.

Takk for alle bidrag – og framleis god vinter!

Vasetløypene:

Konto: 1503.21.87916. Vipps: 10598

Vestfjelløypene:

Konto: 2153.09.00239. Vipps: 85100

Nøsen-Baklia løypelag:

Kontonr: 2153.31.26992. Vipps: 592156



Vestre Slidre
kommune



VALDRES
skjerper sansane